

# Vest- Telemark Kraftlag NETT AS

## Presseinfo

(Konsernsjef Ketil Kvaale, 29.8.2022)

### NETTLEIGA GÅR OPP SOM FYLGJE AV AUKA KOSTNADER TIL INNKJØP AV TAPSENERGI.

Alle nettselskap har kostnader til kjøp av den straumen som går tapt, som varme i ledningane, undervegs frå kraftstasjonane til kundane. Denne kostnaden er innbakt i nettleiga og utgjør i normale år 8-10% av denne. Sidan spotprisen har auka frå eit normalnivå på 30 øre/kWh til eit forventa årssnitt på kanskje 300 øre/kWh i 2022, aukar også kostnadene til nettap med nesten 10-gangen. Denne kostnadsauken blir dekt opp gjennom inntektsramma som blir fastsett av NVE ved årets slutt. Dette medfører at VTK NETT AS diverre må auke energileddet i alle tariffar til 50 øre/kWh + avgifter frå 10.september. Sjå annonse for detaljer.

Spotprisen i vårt område har stige jamt og trutt sidan dei 2 siste kablane blei sett i drift og blir nå langt på veg styrt av produksjonskostnaden i eit gasskraftverk på kontinentet. Den er lik summen av gassprisen, CO2-kvotepreisen og driftskostnader. Dei to fyrste faktorane har stige kraftig gjennom sommaren. Gassprisen er sterkt påverka av krigen i Ukraina og dei sanksjonar som i den samanheng er sett i verk. CO2-kvoter er eit politisk vedteke tiltak, der prisen no aukar sterkt pga av at auken i kolkraftproduksjonen gjev sterk auke i etterspørsel etter kjøp av kvoter. Spotprisen vil gå mykje ned viss kvotekravet hadde blitt lempa for ein periode. ***Dette krev politisk vedtak i EU.***

Denne varsla auken i energileddet i nettleige er ikkje nok til å dekke VTK NETT sine meirkostnader i 2022, og det er fare for ny prisauke seinare, noko som er uheldig for hushald og næringsliv. Dette kan motverkast med kompenserande tiltak frå Staten. Eit døme på effektivt tiltak i høve til kundane ville vera å fjerne elavgift og mva på nettleiga; - eventuelt bare så lenge me har denne høge spotprisen. Den ordninga har dei hatt i Nord-Norge sidan 1969. Eit anna døme er at nettselskapa får kjøpe tapsenergi på same vilkår som hushaldningane. Begge løysingane ***krev politiske vedtak i Norge.***

Grafikken under viser samanhengen mellom auke i spotpris og auke i nettleige.



VTK NETT er også råka av eit anna kostnadsdrivande element; - og det er den nettleiga som blir fakturert frå Sentralnettet t.d. i Lio trafostasjon. Normalt har me fått betaling for å ta ut kraft i Lio, fordi vårt uttak har redusert overføringstapet frå Lio og inn til sentrale strøk. Straks kabelen til Tyskland blei sett i drift våren 2021 blei dette snudd på hovudet og i tillegg auka tapsprosenten kraftig. Dette er dramatisk, fordi det fjernar den positive distriktseffekten dette har hatt i alle år. Dette har no blitt så gale at Statnett har vedteke å oppheve ordninga med energiledd i sin tariff frå 1.september 2022 og ut 2023. Dei burde ha gjort det tidlegare, sidan mange nettselskap i Sør-Norge no i juli og august får energiledd på 20-40 øre/kWh, dvs meir enn heile tariffen ut til kundane. Grafikken under dokumenterer utviklinga både for tapsprosenten og for energileddet, som er lik %\*spotpris.

